

I forsommarens fang

Pater Arnfinn Haram in memoriam

Ann-Helen Moen - sopran, Martin Högberg - gitar, Bergmund Skaslien - bratsj, Odd J. Overøye - piano / komposisjon, Per Arne Dahl - refleksjonar

ROSEKYRKJA FREDAG 9. AUGUST KL 19.30



Velkommen til kulturbeitepremiere med musikk og refleksjon spunne rundt pater Arnfinn Harams liv og diktning. Med ny musikk av Odd Johan Overøye inviterer vi publikum inn i eit vakkert, poetisk landskap med tekstar som tidlegare ikkje er publisert. Pater Arnfinn Haram - opphavleg frå Stranda - var prior ved Dominikanarklosteret i Oslo, sylskarp skribent og samfunnsdebattant som naut stor respekt både frå høgre og venstre i det politiske landskapet. Han var fast spaltist i Klassekampen og Vårt Land og ettertrakta foredragshaldar ved festivalar og symposium landet over. Vi ynskjer med dette å hylle denne varme, mangfaldige og tydelege kulturpersonen som gjekk bort i 2012, rett før han skulle vere gjest hos Kyrkjehola Kulturbeite.

Ann-Helen Moen har sunge over heile Europa og i USA, der ho i

2005 hadde sin debut i Carnegie Hall saman med pianisten Leif Ove Andsnes. Ved operaen i Zürich alternerte ho med sjølvaste Cecilia Bartoli i rolla som Semele (Händel). Til Rosekyrkja kjem Ann-Helen saman med eit knippe utsøkte musikkarar frå Trondheim. Den høgt profilerte forfattaren og stortingspresten Per Arne Dahl blir også med denne kvelden. Dahl samarbeidde med Haram ved fleire høve, og vil utfylle det musikalske med refleksjonar for hjarte og tanke.



Sponsorar 2013:



SPAREBANKEN MØRE

BUSENGDAL
TRANSPORT AS

Støtte frå offentlege instansar:



Møre og Romsdal
fylkeskommune



STORDAL KOMMUNE
- der folk trivst



NORSK KULTURRÅD
Arts Council Norway

Vi er og takksame for støtte frå



FORTIDSMINNEFORENINGA
Foreningen til Norske Fortidsminnemerkers Bevaring



NTNU
Det skapande universitetet

Kjære publikum!

Endeleg livnar det i lundar og lauvast det i li atter ein gong. Frå vårt sommarfriske kulturbeite kan vi by fram ein bukett blommar av mange slag; både uskuldvakre liljer, løvetann med sprengkraft, løyndomsfull primula og livsglade roser. Det blir urframføringar på løpande band, internasjonalt frå England i vest til Estland i aust, og framfor alt eit stort mangfald av artistar og musikkarar av beste merke. Eit varemerke hos oss er også "tett på-opplevingane" i lokalitetar langt utover A4-formatet. Rosekyrkja er framleis ein unik hovudarena. I trivelege Nilsgardstunet blir det olsokfeiring med ei feiande markering av språkåret. Vil du oppleve gneistrande tango på Strekkens skipsparkett, eller katedralklang under bogane "Oppi andre", er Dyrkornfabrikken staden. Denne nyvinninga frå 2012 fekk både artistar og publikum til å sperre opp augene, også takka vere vår flotte samarbeidspartnar Dyrkorn Vel. Å løfte i flokk er ein god ting. I denne årgangen samarbeider vi såleis både med Peer Gynt Galleriet på Hellesylt og Fjord Cadenza på Skodje.

Kyrkjehola Kulturbeite vidarefører dessutan tradisjonen med å donere frå billettinntektene til eit ideelt formål. Dette året går overskotet av produksjonen "Arnfinn Haram in memoriam" til Kirkenes nødhjelp og krigsramma born i Syria; i pater Arnfinn Haram si gode ånd.

20. juni sparkar Bjarne Brøndbo 2013-sesongen i gong med "Salmar på ville vegar" i Rosekyrkja. Vel møtt!

Med helsing frå styret

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Kyrkjehola Kulturbeite

Føremål med programmet

- KKB ønskjer å markere seg som ein tydeleg og offensiv kulturinstitusjon med kontinuitet og ein klar kunstnarleg identitet som kjennemerke.
- Det kulturelle tilbudet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan musikk, litteratur, biletkunst, historie og folklore.
- KKB har som målsetting å stimulere til nyskaping i kryssingspunktet ord, bilete og musikk.
- KKB har eit ansvar for å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i Mørereigionen, og særskilt støtte lokale kunstnarar i etableringsfasen.
- Lokalt ønskjer KKB å vere eit tilskot til det frivillige kulturlivet og medverke til ei synleggjering av Stordal som ein kulturkommune.

Førehandsbestilling av billetter:

På telefon 95 27 35 42: Du blir beden om å gi opp namn på arrangement, namnet ditt og talet på billetter.

E-post: Gjennom heimesida www.kyrkjehola.no eller på adressa billett@kyrkjehola.no Frist for bestilling: Dagen før arrangementet.

KYRKJEHOLA KULTURBEITE

STORDAL

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

PROGRAM SOMMAREN 2013

Salmar på ville vegar

Bjarne Brøndbo tolkar Prøysen, Aleksandersen, Sandell, Erik Bye m.fl. Piano: Trygve Brøske

ROSEKYRKJA TORSDAG 20. JUNI KL 19.30



Folkekjære Bjarne Brøndbo er ikkje berre frontfigur i DDE, showmann og turnékonge. Han har og gjort stor lukke som skodespelar på Trøndelag teater og rundt i kyrkjene med sine "nesten-salmar". Med plata Salmer på ville veier viste Bjarne Brøndbo at han er i



stand til å få fart på andre kjensler enn lysta til å svinge på seidelen.

Møtet med Brøndbo i opningskonserten i Rosekyrkja vert ei reise i skjemt og alvor. Med sine sterke og personlege tolkingar av songar som Jørgen Hattemaker, Va det du Jesus og Til ungdommen, ønskjer Brøndbo å gi publikum ei kveldsstund til glede og ettertanke.

Bjarne Brøndbo kjem i lag med ein av våre aller fremste pianistar, Trygve Brøske, som har besøkt KKB to gongar før. Denne konserten må du berre få med deg!

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Los Osos Polares

Eldfull tangomusikk frå Argentina

Ingrid Nyhus – song, Rannveig Ryeng – fele, Åsbjørg Ryeng – bandoneon, Håkon Magnar Skogstad – piano og Ole Herman Sjölin – kontrabass

DYRKORNFABRIKKEN SØNDAG 30. JUNI KL 19.30

Førestillinga Tangofeber i 2009 i Rosekyrkja vart av mange omtala som ei av dei flottaste i KKB si historie. No er fleire av musikanane tilbake, og du kan på nytt la deg fjetre av eldfull argentinsk lidenskap kombinert med iskaldt nordisk temperament. "Tango-isbjørnane" frå Trondheim inntar denne gongen parketten på Strekken i Dyrkornfabrikken - i fall nokon skulle la seg lokke utpå med nypussa skor...



Kritikarrote Los Osos Polares med sine fantastiske musikaner, har turnert vide, mellom anna med stor furor i tangoens heimland Argentina. Du kan kjenne på livet ved breidene av Rio de la Plata når dei byr på musikk frå gullalderen på 50 - 60-talet, men også oppleve Piazzolla sitt grensprengjande univers. Repertoaret inneheld òg tradisjonelle Milonga-songar framført på spansk og nynorsk. Ver budd på sterke kjensler på Dyrkorn denne kvelden!

Rap og sosakjøtt

Vi feirar Språkåret og Ivar Aasen

Runar Gudnason og Bård Aasen Lødemel (frå Side Brok) og Terje Kjøde (kjøkekemester)

NILSGARDSTUNET MÅNDAG 29. JULI KL 19.30



På denne tida er det nokså nøyaktig 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd. Det er olsok og jordbærtid, og i Nilsgardstunet vert det servert sosakjøtt og jordbær. Storfint besøk blir det også, med Runar Gudnason og Bård Aasen Lødemel frå rappegruppa Side Brok. Leiaren for denne gruppa har vore Runar Gudnason. Han er oppvaksen i Ørsta, og dei har hatt stor suksess med rapping i nynorsk språkdrakt.

Bård Aasen Lødemel voks også opp i Ørsta. Han vert i visse samanhengar kalla Skatebård, og han har vore med gruppa som musikal og produsent. Frå Ørsta kjem også Terje Kjøde. Han blir kjøkekemester under heile festen.



Ved ei slik tilstelling kan Nilsgardstunet ta imot bortimot 100 gjester. På grunn av matservering må vi ha førehandsbestilling på billettane. Billettprisen blir kr 450,- pr person. For denne prisen får du altså både festmiddag og underhaldning av høg kvalitet.

Skund deg og bestill billett! Lat dette bli ein del av olsokfeiringa 2013!



KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Smeltepunktets resonans

Tre Voci; internasjonalt cello-ensemble med grenseoverskridande kammarmusikk. Torun Stavseng, Gregor Riddell og Colin Alexander

ROSEKYRKJA SØNDAG 4. AUGUST KL 19.30



Tre Voci blei starta i august 2012 av cellisten Torun Stavseng frå Ålesund, og dei engelske cellistane / komponistane Gregor Riddell og Colin Alexander. Ensemblet er interessert i å utforske dei ytre grensene av klassisk musikk i ei kammarmusikalsk setting, og er kjent for nyskapande konsertar som smeltar saman kontrasterande



musikalske uttrykk. Programmet denne kvelden har stor sjangerbreidde. Eit av innslaga vil vere urframføring av eit verk av ensemblemedlem Colin Alexander.

Tre Voci vil òg framføre spesialbestilte verk av Stine Sørli, Richard Glover og Gregor Riddell. Som motstykke til det nye får vi høyre middelaldermusikk og renessansomotettar tilrettelagt for cello, m.a. av komponistane William Lawes, Johannes Ockeghem og John Dunstable. Kanskje har også ensemblet overraskingar på lager! Den meritterte trioen konsertar over heile verda, men denne kvelden er dei i Rosekyrkja. Kom og høyr!



KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Riedel vs Cornelis

Utsøkt svensk kammerjazz

Georg Riedel - bass, Sarah Riedel - vokal, Jonas Östholm - flygel

GOMERHUSET LAURDAG 10. AUGUST KL 22.00
(i samarbeid med Fjord Cadenza - billettelefon 466 51 225)



Georg Riedel er ein institusjon i svensk jazz. Gjennom fire tiår har han spelt med dei finaste musikaner frå inn- og utland, inkludert storleikar som Jan Johansson og Stan Getz. Ikkje minst er han kjend som komponisten i Astrid Lindgrens univers, med ei lang rekkje eviggrøne melodiar til filmene om Pippi og Emil, inkludert slagere «Idas sommervise». I dette programmet har Riedel teke for seg eit knippe Vreeswijk-tekstar som tidlegare ikkje er tonesett. Resultatet kan høyrast på den grammynominerte plata Riedel vs Cornelis.



Dottera Sarah - stigande stjerne på den svenske jazzhimmelen - står for vokalen. Ved sida av pappa Georg på bass, er også den eminente jazzpianisten Jonas Östholm med på laget. Resultatet er klassisk "riedelsk"; ei utsøkt blanding av vise, jazz og folk. Denne konserten er eit samarbeid med vår gode partner Fjord Cadenza på Skodje, og blir servert som "dessert" i etterkant av FC sin opningskonsert i Gomerhuset.



The Songs of Olden Times

Estisk vokalkunst i Dyrkornkatedralen

DYRKORNFABRIKKEN LAURDAG 17. AUGUST KL 19.30 (21.00)

Den estiske vokalgruppa Heinavanker har spesialisert seg på tidlegmusikk og besøkt viktige festivalar over heile Europa og i Amerika. Berre dette året turnerer gruppa i Tyskland, Frankrike, Finland, USA og Norge.

Denne hausten kjem dei også med ny CD på selskapet Harmonia Mundi. Hos oss syng dei i den ærverdige Dyrkorn-fabrikken, der murhallen i det gryande haustmørkret er "styla" med lys og spennande scenografi.

Her er det berre å sjå fram til ei sjelfull klangoppleving av dei sjeldne. Repertoaret spenner frå gregorianske hymner og middelaldermusikk til estiske religiøse folketonar.

På Strekken serverer vår gode samarbeidspartner Dyrkorn Vel kaffi og godsaker frå kl 19.30. Konsertstart: 21.00.

Velkommen til ei triveleg, vakker og meditativ sesongavslutning.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

